

Norges Vassdrags- Og Energidirektorat (nve)
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/2044 - 22/81237

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
25.10.2022

Søknad om bygging av landbruksveg gbnr. 352/5 Kårbø i Alver kommune

Vedlagt ligg søknad om bygging av landbruksveg for gnr. 352, bnr. 5 Kårbø i Alver kommune.

Tore Kårbø som eig gnr. 352, bnr. 5 i Alver kommune søkjer om å få byggje skogsveg «Kårbøvegen» på sin eigedom. Vegen er oppgjeve til om lag 130m. Den vil løyse ut om lag 80 daa skog og gje tilgang til eit totalareal på om lag 240 daa (av dette ca 23 daa jordbruksareal). Vegen skal byggjast i vegklasse 4 – sommarbilveg med tømmerbil for hengar. Nett vest for tunet på bnr. 5 er det i dag ei brukryssing for ein eldre veg. Den kryssar ei mindre elv (nærast ein bekk) som kjem frå Kårbøtjørna. Brua i dag er for dårleg i høve den til tider framtidige transporten/planlagde vegstandaren. Ny bru vil verte lagt parallelt til noverande bru og nær denne. Det er eit djupt elvegjel med breidde ca 2m og 2-3 m djupne der brukryssinga er tenkt. Kommunen vurderer kapasiteten til å vere sær s god. Det er fast fjell på nordsida av elva, medan ein er noko meir usikker på massane mot sør. Det er truleg lausmassar der. Lenger mot vest utvidar elvelaupet seg og det vil verte kostbart å byggje bru der – sjå omtrentleg plassering fig. 1.




Fig. 1. Plassering av ny bru over elva/bekken frå Kårbøtjørna.

Saka har lege litt hjå oss i påvente av at søkjar skulle klargjere kvar brua skal gå.

Vi ber om dykkar uttale innan 15.11.2022.

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kulturminnefagleg fråsegn - landbruksveg - gbnr 352/5 Kårbø
Søknad om bygging av landbruksveg - gbnr 352/5 Kårbø

Mottakarar:

Norges Vassdrags- Og Energidirektorat Postboks 5091 Majorstua 0301 Oslo
(nve)